



# ESPERANTO-NYTT

*Informasjonsblad*

*frå Norsk Esperanto-Forbund 1/2022, vinter*

## **Underviser norske nybyrjarar på Zoom**

Våren 2022 tilbyr esperantoforbundet eit nybyrjarkurs over åtte kveldar på møteplattformen *Zoom*. Mange har dei seinare åra nytta ulike nettbaserte kurs for å lære seg esperanto, men dette er første gongen det blir tilbydd eit møtebasert kurs for norskspråklege. I overkant av ti personar følgjer kurset, som blir leia av tolk og omsetjar Marianne Lund, med støtte av universitetslektor Amelie Matt.

Erfaringa med undervisningsforma har vore gode, og forbundet ønskjer å halde fram med dette tilbodet også i framtida.

## **Resolusjonar mot krigen i Ukraina**

Fleire esperanto-organisasjonar har fordømt den russiske invasjonen i Ukraina, m.a. det internasjonale ungdomsforbundet TEJO. I ein resolusjon skriv dei m.a. «Me oppfordrar til umiddelbar tilbaketrekking av russiske militære styrkar frå Ukraina og for respekt for menneskerettane. Me ber alle internasjonale instansar nytte diplomatiske middel for å stanse konflikten, hjelpe ofra og byggje ein varig fred, basert på respekt for rettane til alle grupper, inkludert dei språklege rettane til mindretalet».

Det internasjonale forbundet UEA har og oppretta ei eiga hjelpeteneste for å støtte esperanto-talande ukrainarar på flukt og på annan måte assistere i arbeidet for å hjelpe flyktningar frå konflikten.

## **Endeleg ein fysisk kongress!**

Landsmøtet i esperantoforbundet blir også i år digitalt, men i slutten av mai byr dei tre skandinaviske forbunda inn til felles kongress. Arrangementet finn stad både i Oslo og København og på båten mellom dei to byane. Hovudgjest er Orlando Raola frå Cuba/USA, som er styremedlem i UEA og skal halde føredrag både om vitenskaplege tema og det strategiske arbeidet i verdsforbundet.

---

Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 Oslo, tlf. 22 35 08 94

Heimeside: [esperanto.no](http://esperanto.no)

E-post: [inform@esperanto.no](mailto:inform@esperanto.no)

*ESPERANTO: LETTLÆRT OG LEVANDE*